
Saksnr: 2020/59647-2
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.09.2020

Søknad frå Sveio kommune om tilskot til utgreiing om fylkestilknytning

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet viser til endring av fylkesgrensene, iverksett frå 1.1.2020, og meiner det vil vere for tidleg å vurdere Vestland fylkeskommune sitt bidrag til attraktive tenester og regional utvikling i Sveio og andre kommunar i Sunnhordland. Fylkesutvalet vil derfor ikkje i denne omgang imøtekomme søknaden frå Sveio kommune om medfinansiering av utgreiingskostnader for framtidig fylkestilknytning.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta initiativ til eit samarbeid med Samarbeidsrådet for Sunnhordland for å vurdere moglege kortsiktige og langsiktige tiltak og satsing med betydning for kommunane i denne delen av fylket.

Samandrag

På møte i Sveio kommunestyre, 15. juni 2020, vart det handsama sak om prosedyre for utgreiing av framtidig fylkestilhøyrslø. Sveio kommune har ikkje teke stilling til eit eventuelt byte av fylke. Kommunen ynskjer å sikra seg eit grundig fagleg fundament før ein tek stilling til ein søknad om dette. For å etablere dette kunnskapsgrunnlaget i denne fasen ynskjer kommunen å knyta til seg eit kompetent forskingsmiljø, der ein antek at ei utgreiing om fylkestilhøyrslø for Sveio vil ha ei økonomisk ramme på mellom 300.000,- og 500.000,- kr.

Sveio kommune har i vedlagte brev til Vestland fylkeskommune, datert 2.juli 2020, søkt om eit økonomisk tilskot på kr 100.000,- kvar frå fylkeskommunane Vestland og Rogaland.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Sveio kommune - søknad om tilskot til utgreiing fylkestilhøyrslø
- 2 Sveio kommune - prosedyre for framtidig fylkestilhøyrslø

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sveio kommunestyre fatta 15. juni 2020, slikt vedtak i sak om prosedyre for utgreiing av framtidig fylkestilhøyrsløse:

1. «Sveio kommune vil greia ut kva som er det mest tenlege fylket å tilhøyra i framtida, Vestland eller Rogaland. Prosjektet blir innarbeidd i ny planstrategi.
2. Formannskapet blir politisk styringsgruppe for utgreiingsarbeidet.
3. Kommunestyret tek til etterretning at rådmannen etablerer ei tverrfagleg arbeidsgruppe med intern prosjektleiar.
4. Kostnad og framdriftsplan blir å handsama som eiga sak i første møteserie hausten 2020, etter at ein har fått attendemelding frå andre kommunar om det er interesse for å etablere eit prosjekt som omfattar fleire kommunar enn Sveio.»

Sveio kommune har ikkje teke stilling til eit eventuelt byte av fylke. Kommunen ynskjer, slik det går fram av kommunestyret sitt vedtak av 15. juni, å sikra seg eit grundig fagleg fundament før ein tek stilling til ein søknad om dette. For å etablere dette kunnskapsgrunnlaget i denne fasen ynskjer kommunen å knyta til seg eit kompetent forskingsmiljø, der ein antek at ei utgreiing om fylkestilhøyrsløse for Sveio vil ha ei økonomisk ramme på mellom 300.000,- og 500.000,- kr.

Sveio kommune har i vedlagte brev til Vestland fylkeskommune, datert 2.juli 2020, søkt om eit økonomisk tilskot på kr 100.000,- kvar frå fylkeskommunane Vestland og Rogaland.

Vedtakskompetanse

Saka vert lagt fram for vedtak, jfr pkt 2.1.7 i delegeringsreglementet for fylkesutvalet. I dette punktet er det fastsett at fylkesutvalet tek avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

Om grenseending i Inndelingslova

Vedtak

§ 6 i Inndelingslova fastset at det er regjeringa som gjer vedtak om justering av grenser mellom kommunar og mellom fylke. Dersom grensejustering mellom fylke gjeld meir enn éin kommune, skal saka leggjast fram for Stortinget til avgjerd.

Før det blir gjort vedtak om grenseending eller grensefastsetjing, skal dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld, få uttale seg. I saker om samanslåing eller deling må kommunestyret eller fylkestinget sjølv uttale seg.

Initiativrett

I § 8 vert det lagt opp til at søknad om igangsetting av utgreiing om grensejustering eller grensefastsetjing kan fremjast av innbyggjarar og grunneigarar i dei kommunane søknaden gjeld, av næringsdrivande som har sin registrerte forretningsstad der og av kommunestyret eller fylkestinget i dei kommunane eller fylkeskommunane søknaden gjeld.

Søknad om at det skal setjast i gang utgreiing om samanslåing eller deling kan berre fremjast av kommunestyret eller fylkestinget sjølv i dei kommunane eller fylkeskommunane endringsforslaget gjeld.

Departementet kan på eige initiativ utgreie spørsmål om grenseending eller grensefastsetjing.

Søknad om at det skal setjast i gang utgreiing om grenseending eller grensefastsetjing skal vere skriftleg og grunngitt, og må innehalde forslag til nye grenser. Søknaden skal sendast Fylkesmannen i det området saka gjeld.

Saksutgreiing og kostnader

Departementet avgjer om det skal setjast i gang utgreiing på grunnlag av initiativ etter § 8 og tar i tilfelle stilling til kva som er nødvendig omfang av denne.

Departementet avgjer om utgiftene ved utgreiinga skal berast av ein eller fleire av dei interesserte kommunane eller fylkeskommunane, eller heilt eller delvis av staten. Kommunane eller fylkeskommunane skal få høve til å uttale seg før departementet tek endeleg avgjerd om kostnadsdeling, jfr §11. Kommunale, fylkeskommunale og statlege forvaltningsorgan skal gi nødvendige opplysningar og i rimeleg utstrekning medverke ved saksførebuinga, etter oppmoding frå den som gjer utgreiinga.

Vurdering og verknader

Kommunane er fylkeskommunen sine viktigaste samarbeidspartnarar, og fylkesrådmannen har respekt for at geografiske periferikommunar frå tid til anna stiller spørsmål om kva fylkeskommune dei vil samarbeide med.

Fylkesrådmannen vil i denne saka ikkje argumentere for kvifor Sveio kommune framleis bør vere ein del av Vestland fylke, men vil på prinsipielt grunnlag understreke at dei nye fylkesgrensene for regionalt folkevald nivå nyleg er iverksett frå 1.1.2020. Vestland fylkeskommune sitt ansvar for attraktive tenester og utvikling i alle deler av fylket vil vere eit langsiktig arbeid i dialog mellom fylkeskommunen og kommunane, samt næringsliv og statlege etatar. Etter fylkesrådmannen sitt syn vil det derfor vere for tidleg å vurdere Vestland fylkeskommune sitt bidrag til regional utvikling i denne delen av fylket, og eventuelle konsekvensar dette kan ha for framtidig justering av fylkesgrensene.

Fylkesrådmannen er klar til å gå i dialog med kommunane i Sunnhordland, og sette av ressursar for å utgreie og særskilt vurdere fylkeskommunal innsats og tiltak i denne delen av fylket, men i denne omgang ikkje innanfor ramma av ein mogleg søknad om endringar i fylkestilknytninga.

Dersom Sveio kommune endar opp med å søke om endringar i fylkesgrensene, så vil Kommunal- og moderniseringsdepartementet ta stilling til eventuell kostnadsdeling av utgreiingsarbeidet som grunnlag for vidare sakshandsaming av søknaden, jfr § 11 i inndelingslova. Dersom Vestland fylkeskommune inngår i ei slik kostnadsdeling, vil spørsmålet om finansiering av utgreiingskostnader for vurdering av endring av fylkesgrensene bli lagt fram for fylkespolitisk organ på nytt.

Fylkesrådmannen si tilråding

Samla sett vil fylkesrådmannen tilrå at søknaden frå Sveio kommune om tilskot til utgreiing om framtidig fylkestilknytning ikkje vert imøtekommen.

Fylkesrådmannen vil tilrå at det vert lagt opp eit særleg initiativ til samarbeid med Samarbeidsrådet for Sunnhordland for å vurdere både kortsiktige og langsiktige fylkeskommunale tiltak og innsats med betydning for kommunane i Sunnhordland.